

Bjarne Hauge i Samnanger arbeider no med band 2 av slektsboka for Kvinnherad etter å ha fullført band 1 i 2010. Boka skal omhandla alle gardar og bruk på strekninga frå Svoldal til Steinsletten - med andre ord også heile Uskedalen. Men han treng hjelp med innsamling av opplysningar om familiane etter 1965, då Gards og Ætteboka band 3 for det meste vart avslutta.

Nokre familiar er med lenger fram i tid, men nokre var ikkje med tidlegare heller.

- Det har hendt mykje på 50 år, seier Hauge og håpar på god respons. Boka skal vere så aktuell som mogeleg - den skal gå fram til dags dato! Og alle skal bli med anten dei er av gamal ætt i kommunen eller innflyttar.ar

- Kva er det så du vil vita?

- Eg må vita bustad, helst gard og bruksnummer, eller adresse, eigar/leigebuar. Det må oppgjevast fullt namn og alle årstal for fødd, gift og død. Vidare må det oppgjevast kvar dei er frå og, kven foreldra er slik at eg får knytt dei til rett slekt.

Eg må vidare ha ektefelle/sambuar og born, også med dei same opplysningane. Yrke og arbeidsstad er også viktig. Har ein rettingar til gamleboka vil eg gjerne ha dei og.

Opplysningar eller spørsmål skal sendast til meg med adresse Vågabygda 7, 5652 Årland, Eg har telefonane 56586635 og 95991463 og mailadresse bjarne.hauge@gmail.com

- Når kan du lova at boka skal verta ferdig?

- Det er litt usikkert, det er tildels avhengig av kor lett opplysningane kjem inn. Eg har alt nærare 600 sider, men håpar det går i ei bok, seier Hauge, som gjorde ein utruleg grundig jobb med det fyrste bandet.

Han vart fødd i 1941 på Hatlestrand og har jobba i 39 år som formings- og kroppsøvingslærer i Samnanger der han er gift og har budd sidan 1967. Sidan starten på 1980-talet har han brukt mykje av fritida til slektsarbeid. Det fyrste bandet omfatta Ølve, Hatlestrand og Mauranger og er på 528 sider!

Av Ola Matti Mathisen